

MØTEINNKALLING – KONTROLLUTVALET I LESJA KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Mandag 19. februar 2024	Kl. 09.00-14.00	Lesja kommunehus, møterom 1

Medlemmer blir med dette innkalla:

Elin Randi Johnson (leiar), Anders Norderhus (nestleiar), Rune Møller, Per Holseth, Torild Visnes Leirmo.

Varamedlemmer som møter berre etter nærare varsel:

Elin Kveum, Stian Lotten, Ola Erik Myren, Jesper Hole, Ola Sylte Einbu.

Evt. forfall må varslast snarast til sekretær Elin Marit Andgard (tlf.nr 481 96 875 e-post: elin-marit.andgard@sel.kommune.no). Forfall må grunngjevast.

AGENDA

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dialogmøte med ordførar og kommunedirektør kl. 09.30 - kl. 11.30

- Kommunens eigenkontroll etter kommuneloven kap. 7
(felles forståing av ansvar og rolle, samspel i praksis, gjensidige ynskjer og behov, orientering i kommunestyret om ansvar og saker)
- Prosess for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Sakliste for kontrollutvalsmøtet

Sak 1/24	Årsmelding 2023 for kontrollutvalet
Sak 2/24	Årsrapport/avregning 2023 frå revisjonen
Sak 3/24	Eigenvurdering om uavhengigheit frå revisjonen
Sak 4/24	Prosess (metode og opplegg) for å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
Sak 5/24	Henvending
Sak 6/24	Protokoll og orienteringar
	Opplæringstema

Enkel formiddagsmat og kaffe/te.

10. februar 2024

Elin Marit Andgard (sign.)

SKNG

Kopi til: Ordførar, kommunedirektør, Innlandet Revisjon IKS.

Møtet er offentleggjort på SKNG si heimeside: www.nord-gudbrandsdal.no/skng

SAKSFRAMLEGG

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler:
Mandag 19.2.2024	47/24	1-6/2024	Elin Marit Andgard, SKNG

Sak 1/24 Årsmelding 2023 for kontrollutvalet

Saksutgreiing

Vedlegg

- Årsmelding 2023

Bakgrunn

Etter kommuneloven § 23-5 skal kontrollutvalet rapportere om resultatene av sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding eller ein kombinasjon av dei to måtane. Rapportering til kommunestyret for året 2023 skjer i form av kontrollutvalets årsmelding for 2023.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner framlagt forslag til årsmelding 2023.

Kontrollutvalget sender årsmeldinga til kommunestyret med fylgjande *innstilling*:
Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2023 til orientering.

Sak 2/24 Årsrapport/avregning 2023 frå revisjonen

Saksutgreiing

Vedlegg

- Status 3. termin 2023
- Avregning av total ressursbruk revisjon 2023

Bakgrunn

I fylgje kommunelova § 23-2 skal kontrollutvalet sjå til at det blir utført regnskapsrevisjon, kontroll med den økonomiske forvaltninga, forvaltningsrevisjoner av kommunen sin verksemd og selskap som kommunen har eigarinteresser i samt eigarskapskontroll. Kommunen har valgt Innlandet Revisjon IKS som revisor og samarbeidet er regulert i ei selskapsavtale.

Kontrollutvalet inngår årleg oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS på vegne av kommunen. Avtala omfattar m.a. ramme/ressursbruk, timesatsar, dialog og rapportering til kontrollutvalet. Den er eit overordna dokument og bidreg til å innfri kravet til kontrollutvalet om å sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjonsordning og at revisjonsarbeidet er i tråd med lover, reglar og faglege standardar.

Innlandet Revisjon IKS rapporterer ressursbruk pr. tertial og avregning pr. år.
"Selskapet skal fakturere sine tjenester ut i fra reelt medgått ressursbruk på det enkelte oppdrag. Regnskapsrevisjon (inkl. attestasjoner/bekreftelser), forvaltningsrevisjon og veiledningstjenester m.v. skal forhåndsavtales med den enkelte deltaker i en oppdragsavtale. Selskapet skal alltid operere med en timesats som gjør at selskapet over tid ikke er egnet til å gå med overskudd (selvkostprinsipp)."

Ressursbruk 2023

	Oppdragsavtale	Ressursbruk 2023
Regnskapsrevisjon	445 timar	495 timar
Forvaltningsrevisjon	82 timar	86 timar
Møter	15 timar	19 timar
Totalt	542 timar	600 timar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek årsrapport og avregning for 2023 frå Innlandet revisjon IKS til orientering.

Sak 2/24 Eigenvurdering om uavhengigheit frå revisjonen

Saksutgreiing

Vedlegg

- Eigenvurdering av uavhengigheit for
 - Daglig leiar Bjørg Hagen
 - Fagansvarleg forvaltningsrevisjon Anne Live Jensvoll
 - Fagansvarleg regnskapsrevisjon Steinar Christen Berg
 - Forvaltningsrevisor Guro Selfors Lund, Anette Karenstuen og Kristian Lein

Bakgrunn

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19:

"Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget."

I fylgje Kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel.

Vurdering

I fylgje dei gjevne eigenvurderingane er samtlege uavhengige i forhold til kommunen.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek uavhengigheitsvurderingar frå Innlandet revisjon IKS til orientering.

Sak 4/24 Prosess (metode og opplegg) for å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Saksutgreiing

Bakgrunnsdokumenter (som ikkje er vedlagt saken)

- Kontrollutvalsboka, kap. 6 (rettleiar frå departementet 2022)
- Forslag til "Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene: Risiko- og vesentlighetsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll" (NKRF/FKT 2023-24)
- Veileder i risiko- og vesentlighetsvurdering (NKRF 2019)

Formål med saken

Kontrollutvalet vedtek *prosessen* (metode og opplegg) for å utarbeide:

- Risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og
- Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll (plan for FR&EK).

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal i fylgje kommuneloven § 23-3 og § 23-4 minst ein gong i valperioda, og innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon og kva eigarskapskontroller som skal gjennomførast. Planen(e) skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin verksemd, verksemda i kommunens selskap og kommunen sin eigarskap.

Styret for SKNG vedtok 28.8.23 "Prosess for å utarbeide ROV-analyse og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i 6K", ut frå at det er formålstenleg å ha lik prosess i alle kommunene. Dokumentet var lagt fram for kontrollutvalet i oktober-23.

Saken blir lagt fram i og med at det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse i saken samt tilråding om at utvalet er involvert i *heile* prosessen.

Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll basert på risiko- og vesentlegvurdering. Dette er forankra i kommuneloven.

Forvaltningsrevisjon § 23-3

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Eierskapskontroll § 23-4

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring. (Kommuneloven § 23-4)

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll (ofte omtala som plan for FR og EK) er eit dokument som er utarbeida og handsama i tråd med kommuneloven § 23-3 og § 23-4, og som syner på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Med noværande budsjettnivå for kontroll og revisjon vil det være rom for 3-4 forvaltningsrevisjonar i løpet av ein 4-årsperiode.

Risiko- og vesentlegvurdering

Risiko- og vesentlighetsvurdering (ofte forkorta til ROV) er ein vurdering som skal gje svar på kva områder det er størst risiko og kva områder det er mest vesentleg å undersøkje. Hensikten med ROV er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Dette vil være med å sikre nyttige og målretta forvaltningsrevisjonar som kan føre til læring og forbetring i kommunen, samt å sikre at ressursar til revisjon blir brukt mest mogleg målretta og effektivt.

Korleis gjennomføre risiko- og vesentlegvurdering?

Korkje kommunelova eller forskrift om kontrollutvalg og revisjon gjev konkrete føringar på kva ein slik risiko- og vesentlegvurdering er eller korleis den skal gjennomførast. Kontrollutvalet må da stå fritt til å velge *korleis* og *kven* som skal gjere vurderinga.

Kontrollutvalgsboka omtaler i kapittel 6 fylgjande steg:

- Informasjonsinnhenting og involvering (muntleg og skriftleg info frå kommunen, eksterne kjelder, kunnskap hjå utvalet og fleire)
- Analyse av informasjonen med vektlegging på måloppnåing, regeletterleving og gjennomføring av vedtak. Evt. visualisert med fargekoder.
- Dokument som presenterer analysa og viser identifiserte risikoar.
- Prioritering – vurdering av kva som er vesentleg (og ut frå ulike perspektiv).
- Handsaming av plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Kontrollutvalgsboka si oppsummering/tilråing i same kapittel:

- Planane bør oppdaterast med jamne mellomrom i perioden.
- Set av tid og ressursar til risiko- og vesentlegvurderinga og planarbeidet. Dette er kanskje eit av dei viktigaste prosjekta kontrollutvalet gjennomfører i løpet av ein valperiode. Kontrollutvalet vil på denne måten bli godt kjent med verksemda til kommunen tidleg i perioden.


- Brei involvering i arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering gjev god forankring av planane og eit godt grunnlag for den vidare gjennomføringa av prosjekta.
- Kontrollutvalet og kommunestyret må ta stilling til kor lange planperiodane skal vere, og bør ta stilling til korleis eventuell omprioritering og rullering av planane bør skje.
- Gjer planane godt kjende i kommunen, både i kommunestyret og i administrasjonen, og ta i bruk tilsynskalenderen.

Rettleiaren frå NKRF/FKT omtalar to likestilte måtar å utarbeide ROV:

Spor 1: Sekretariatet gjennomfører ROV

Spor 2: Revisjonen gjennomfører ROV

Risikostyring og definisjonar



Modellen illustrerar samanhengen mellom verksemdas mål, risiko som foreligg slik at måla ikkje blir nådd og dei styrings- og kontrolltiltak som blir iverksatt for å sikre at måla likevel blir nådd.

Mål for kommunen er mellom anna å innfri lovkrav, levere gode tenester til rett tid, bruke ressursar på ein god måte, oppnå økonomiske mål, ha bærekraftig drift.

Kommunen skal etter kommuneloven § 25 ha internkontroll for å sikre at lover og forskrifter blir fulgt. Gjennom internkontrollen skal kommunedirektøren m.a. "avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik". Kommunens internkontroll vil derfor være ei vesentleg og sentral informasjonskjelde til utvalets risiko- og vesentlegvurdering.

Rettleiar frå NKRF/FKTs definerer risiko og vesentlegheit slik:

Risiko: Faren for at det kan forekomme avvik fra f.eks. regelverk, mål, vedtak og andre føringar kommunen har satt for den kommunale virksomheten og eierskap i selskap.

Vesentlighet: En samlet vurdering av alvorlighetsgraden i trusselen som den enkelte risikofaktor representerer i forhold til kommunens måloppnåelse. Ulike grupper kan ha ulike oppfatninger om vesentlighet avhengig av perspektiv (økonomi, miljø, bruker, ansatt, folkevalgt/politikk).

Risiko er ofte definert som sannsynlighet for hending x konsekvens av den. (Hending er her å forstå som ei ikkje-ynskjeleg hending).

Vesentleg - detaljeringsgrad og område

Områder/situasjoner med høg sannsynlegheit og stor konsekvens bør ha høgast prioritet for tilsyn, kontrollar og revisjonar. Fare for liv og helse er ein slik stor risiko.

Såkalla trafikkloj-kartlegging er mykje brukt

Lav risiko

Middels risiko

Høg risiko

Perspektiv

Med utgangspunkt i kommunelovens formål (§ 1-1):

Formålet med loven er å fremme det kommunale og fylkeskommunale selvstyret og legge nødvendige rammer for det. Loven skal legge til rette for det lokale folkestyret og et sterkt og representativt lokaldemokrati med aktiv innbyggerdeltakelse.

Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne. Loven skal også legge til rette for kommunenes og fylkeskommunenes utøvelse av offentlig myndighet. Videre skal loven bidra til at kommuner og fylkeskommuner er effektive, tillitskapende og bærekraftige.

kan kommunens verksemd delast inn i sju kategoriar/ perspektiv:

1. Fungerer det lokale folkestyre som forutsatt i kommunelova?
2. Produserer kommunen dei tenestene innbyggjarane har krav på?
3. Driv kommunen samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane?
4. Utøver kommunen sin mynde forsvarleg og i samsvar med loven?
5. Driv kommunen effektivt?
6. Er kommunen tillitsskapande?
7. Er kommunen sin drift bærekraftig?

Momenter for valg av tema/område for prosjekter (FR og EK):

- Risikograd: Sannsynlegheit og konsekvens
- Vesentlegheit
- Perspektiv
- Potensiale til å bidra til læring og forbedring
- Gjennomføring (økonomisk, praktisk, revisjonskriterier)
- Samordning med eksterne tilsyn og interne evalueringer/prosesser

Sekretariatets vurdering av metode og opplegg

Formål

Formålet med risiko- og vesentlegvurdering er å finne svar på kva område det er størst risiko og kva område er mest vesentleg å undersøkje. Ved prioritering av tema, er det også viktig å legge til grunn at ein forvaltningsrevisjon bør ha potensiale til læring og forbedring utover å være ein grundig kartlegging.

Om prosess/metode

Ressursbruk og val av metode og opplegg må vurderast i høve til formål og kost/nytte, mellom anna kor mange revisjonar som kan gjennomførast i perioden. Sjølve ROV-dokumentet bør være samla, lettfatteleg og oversiktleg. Og prosessen kan være vel så viktig som sjølve dokumentet prosessen endar opp i.

Risiko- og vesentlegvurdering er ressurskrevjande og viktige prosessar. Den kan være omfattande eller enklare, både i prosess og resultat (resultat i tyding rapport).

Nokre kontrollutval engasjerer revisjonen til å utarbeide ROV (eksempel er rapportar på 80-90 sider til om lag kr 150.000), andre kontrollutval ber sekretariatet gjennomføre den og andre kontrollutval har stor grad av involvering og prosess der informasjon og synspunkt blir brukt til å prioritere revisjonstema utan eit eige ROV-dokument.

Vurdering av foreslått prosess:

- Kontrollutvalet blir godt kjent med kommunen, verksemda, mål, risiko osv.
- Ei brei involvering av kommunens administrasjon, folkevalgte og andre gjev betre grunnlag til ROV og betre forankring for planen.
- Kontrollutvalet er med i heile prosessen og får større eigarskap og innsikt i ROV og grunnlaget for planen.
- Er i samsvar med kontrollutvalets økonomiske rammer og sekretariatets kapasitet.

Omfang, detaljering m.m.

- Ein systematisk og grundig ROV for alle deler av kommunens verksemd vil være utanfor utvalets økonomiske rammer. Ein enklare og mindre ressurskrevjande metode for å plukke ut områder/tema er å bruke informasjon om kommunen som er lett tilgjengeleg, om kommunal verksemd generelt og kommunen spesifikt. Risikovurdering og tiltak skal skje løpande i kommunedirektørens internkontroll, og denne vil være ei viktig kjelde for ROV og planarbeidet.
- Metoden som er foreslått vil gje eit tilfredstillande grunnlag, og risikoen for å oversjå vesentleg områder blir vurdert som låg. Altså god kost/nytte-verdi.
- Risiko er ferskvare, og utvalet må før bestilling av prosjekt også ta omsyn til andre tiltak og tilsyn som er gjennomført.

Om sjølve planen

- Planen gjeld for 4 år med revidering/vurdering ved behov.
- Det blir sett opp fleire tema enn det antal forvaltningsrevisjonar det er økonomi til. Utvalet kan dermed vurdere og velge undervegs i samsvar med endra risiko, gjennomførte tilsyn og kommunens eigne evalueringar og prosjekt.
- Tema/område i planen er overordna og problemstillinger blir drøfta og konkretiserer før utvalet evt. tingar foranalyse.

Oppsummering

Sekretariatet meiner at forslaget til prosess samsvarer med lovkrav og tilrådingar, balanserer ressursbruk mot formålet og sikrar tilfredstillande prosess og grunnlag.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet utarbeider plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for ei 4-årsperiode og som skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd, verksemda i kommunens selskap og kommunens eigarskap.
2. Kontrollutvalet legg opp til ein prosess og framdrift slik at kommunestyret kan handsame kontrollutvalets forslag til plan i løpet av hausten 2024.
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet koordinere prosessen og lage utkast til risiko- og vesentlegvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i samsvar med fylgjande prosess:

Prosess for å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Innhenting av informasjon (januar – mai)

- Kommunens internkontroll: Mål, organisasjon, risikovurdering og tiltak
- Gjennomførte tilsyn og revisjoner 2020-23
- Årsmelding og årsregnskap, økonomiske måltall, trender
- Kommunebarometeret (oversikt)
- Statsforvalterens kommunebilde
- Kommunens eigarskapsmelding

Dialog med ordfører og kommunedirektør (KU-møte februar)

Prosessmøte nr. 1 (KU-møte mars)

- Kommuneleiing orienterer om:
 - Kommunens internkontroll (mål, organisasjon, risikovurdering og tiltak – overordna for kommunen og sektorvis)
 - Gjennomførte tilsyn i perioda 2020-23 (når, tema og status pr d.d.)
 - Evt. kommentarer/supplement til statsforvaltarens kommunebilde
- Kontrollutvalet systematiserer/oppsummerer og drøftar mottatt informasjon.

Innspel til ROV og plan for FR&EK (februar-april)

Kommunedirektør m/leiargruppa, ordfører og folkevalgte, tillitsvalgt/verneombud og revisjon blir bedne om å gje skriftleg innspel innan 10. april på fylgjande spørsmål:

1. På kva område er det risiko for at kommunen, interkommunale samarbeid og kommunale selskap ikkje når sine målsettingar, ikkje oppfyller lovkrav eller utnytter ressursane dårleg?
2. På kva tenesteområde er det behov for forvaltningsrevisjon? Og kva tema?
3. I kva interkommunale samarbeid og kommunale selskaper er det behov for forvaltningsrevisjon? Og kva tema?

Prosessmøte nr. 3 (KU-møte mai)

Kontrollutvalet drøftar spørsmål 1-3 overfor.

Prosessmøte nr. 3 (KU-møte juni)

Sekretariatet utarbeider forslag til ROV.

Kontrollutvalet drøftar forslaget til ROV, vurderer og prioriterer.

Handsaming av plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll (KU-møte oktober)

1. Sekretariatet utarbeider forslag til plan ut frå kontrollutvalets prioriteringar.
2. Kommunedirektør blir gjeve høve til å uttale seg.
3. Kontrollutvalet handsamar forslaget og vedtek innstilling til kommunestyret.
4. Sekretariatet sender over saken med kontrollutvalets vedtak til kommunestyret.
5. Handsaming og vedtak i kommunestyret.

Sak 5/24 Henvending

Saksutgreiing

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke eit brev som er signert "innbygger". Avsendaren meiner at ein person har blanda sine roller som tilsett i kommunen og folkevalgt på ein kritikkverdig måte.

Det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver i tillegg til det som fylgjer av kommunelova kap. 23 og 24 samt forskrift om kontrollutvalg og revisjon i kommuner. Kontrollutvalet må sjølv vurdere om og korleis det skal handsame henvendingar frå andre partar.

Kontrollutvalet må vurdere korvidt det skal handsame henvendinga og evt. korleis.

Sekretariatet har i samråd med kontrollutvalsleiar gjort ein enkel undersøking av innhaldet i henvendinga, og resultatet av dette vil bli lagt fram for kontrollutvalet.

Fakta

Det er i hovudsak to kjelder som er viktige for å finne tilråding om korleis kontrollutvalet bør handsame henvendingar: Kontrollutvalsboka og veileder frå FKT.

"Kontrollutvalsboka" frå kommunal- og distriktsdepartementet:

- I tillegg til lovpålagde oppgåver knytta til revisjon og eigarskapskontroll, er kontrollutvalet avhengig av å ta opp saker på eige initiativ og få innspel til saker frå andre for å ta hand om det løpande kontrollansvaret. Det er formålstenleg å skilje mellom pålagde, planlagde og uplanlagde saker. Innspel frå kontrollutvalets medlemmer, tilsette, innbyggjarar, rapportar, mediesaker m.m. er i kategorien uplanlagde saker.
- Korvidt kontrollutvalet skal handsame ei sak, avheng av at saka ligg innanfor kontrollutvalets mandat og oppgåver. Utvalet bør også vurdere om saka representerer ein høg nok risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfylgjing. Utvalet bør vurdere saker ut frå risiko- og vesentlegheit.
- Dersom henvendingar gjeld saker som er til handsaming hjå politiet/domstolane, under politisk arbeid eller er hjå statsforvaltar, bør ein vente med undersøkingar.
- Kontrollutvalet er ikkje noko klageorgan, og henvendingar som gjeld klager på t.d. enkeltvedtak bør visast til rett klageorgan. Det kontrollutvalet kan gjere er å undersøkje henvendingar som kan tyde på svikt i den kommunale sakshandsaminga eller at kommunen ikkje følgjer lover og retningslinjer som den er underlagt.

"Veileder for henvendelse til kontrollutvalget" frå FKT:

- Alle henvendingar bør skriftleggjerast for å handsamast av kontrollutvalet.
- Henvendingar til kontrollutvalet/sekretariatet skal journalførast. Og i tråd med god forvaltningsskikk bør sekretariatet stadfesta at den er mottatt.
- Kontrollutvalets oppgåve er å føre kontroll, og henvendingar dit bør derfor handterast meir formelt enn rolla som folkevalgt elles gje rom for.
- Ved henvendingar som blir sett på sakskartet, bør sekretariatet gjere ei vurdering av innhaldet og komme med forslag til korleis den kan handsamast.
- Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle høve ved kommunens verksemd, så lenge det kan definerast som kontrollarbeid.

- Kontrollutvalet bør bruke "Trafikklysmodellen" når utvalet skal vurdere om innhaldet i ein henvending skal fylgjast opp.
- Kontrollutvalet har fleire framgangsmåter for handsaming og oppfølging.

Andre kjelder:

- * Det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat å fylgje opp varsel etter Arbeidsmiljølovens kap. 2a.
- * Kontrollutvalet er ikkje eit forvaltningsorgan som handsamer enkeltsaker etter forvaltningsloven og er såleis ikkje eit klageorgan.
- * Det er ikkje klagerett på vedtak som kontrollutvalet gjer eller andre partsretter etter forvaltningsloven § 28.
- * Den/dei som rettar seg til kontrollutvalget er ikkje å rekne som part i ein eventuell kontrollsak.

Vurdering

Spørsmål til hjelp i vurderinga av korvidt kontrollutvalet skal følge opp henvendinga:

- Er henvendinga/saka innanfor kontrollutvalets mandat og oppgåver?
- Representerer saka ein høg nok risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfylgjing? Utvalet bør vurdere saker ut frå risiko- og vesentlegheit.
- Utfall ved bruk av "trafikklysmodellen"?

På bakgrunn av resultat frå undersøkinga og spørsmåla over, meiner sekretariat at henvendinga er ei sak/problemstilling som kontrollutvalet ikkje bør handsame vidare.

Sekretariatet vil likevel understreke at det er kontrollutvalet sjølv som skal vurdere og gjere vedtak om utvalet vil gå vidare med henvendinga og korleis.

Forslag til vedtak

Basert på risiko- og vesentlegvurdering og henvendinga sitt innhald, vedtek kontrollutvalet å ikkje handsame eller fylgje opp henvendingen vidare.

Sak 6/24 Protokoll og orienteringer

Saksutgreiing

Møteprotokoll 4. desember 2023

Protokollen var sendt ut 6.12.23. Sekretariatet har ikkje motteke nokon merknadar.

Budsjett-2024

Kontrollutvalet handsama budsjettforslag for kontroll og revisjon (sak 22/23) og oppdragsavtale med revisjonen (sak 21/23) i møtet 3. oktober 2023.

Kontrollutvalet foreslår kr 1.360.550 som total budsjetttramme for kontrollarbeidet i kommunen i 2024 med denne fordelinga:

Nedanfor budsjettforslaget saman med vedteke budsjett.

	Budsjettforslag	Vedtatt budsjett
Kontrollutvalets drift	84.000 kr	84.000 kr
Kontrollutvalssekretariatet	160.800 kr	160.800 kr
Revisjonen	1.115.750 kr	1.360.000 kr
Sum	1.360.550 kr	1.604.860 kr

Opplæring og konferanser

- Regional opplæringsdag 22.1.24: Revisjon, habilitet, personvern og offentlegheit
- NKRFs kontrollutvalgskonferanse 31.1-1.2 2024
- FKTs fagkonferanse 4.-5. juni 2024
- Opplæringstema "Utvalet, revisjonen og sekretariatet" og "Arbeid i kontrollutvalet"

Mottatt post

- Forvaltningsrevisjon 13-2023 Varslingrutiner og saksbehandling i Øyer kommune

Bernt svarer

Jan Fridthjof Bernt er professor emeritus ved Universitetet i Bergen.

Bernt har stor kunnskap om forvaltningsrett, kommunalrett, offentlighetsloven og forvaltningsloven og er ofte omtala som "kommunelovens far".

Spalten "Bernt svarer" blir publisert om lag kvar veke i Kommunal Rapport.

4.12: Kan noen andre enn ordføreren være kommunens rettslige representant?

11.12: Hva gjør man når man ikke klarer å danne et flertall for budsjettforslaget?

15.1: Kan politikerne pålegge administrasjonen å være en næringsvennlig ja-kommune?

22.1: Må budsjettet beskrive hvordan kommunen skal gjennomføre en vedtatt effektivisering?

29.1: Er det kommunestyret eller kommunedirektøren som avgjør om det skal innføres ansettelsesstopp?

Spørsmål og "ope post"

- ?

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 4. desember 2023 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.